

Rasdalen grendalag
v/Terje Rasdal
5981 Masfjordnes

Masfjordnes 18.05.07

Indre Hordaland Miljøverk
v/Kåre Flatlandsmo
5700 Voss

Voss kommune
v/Teknisk sjef
Uttråg.9
5700 Voss

Renovasjonsordninga for fritidsbustader – ny uttale frå Rasdalen grendalag

Viser først til skriv datert 17.04.07 frå Rasdalen grendalag, der me påpeika ein del forhold i høve til renovasjonsordninga for fritidsbustader. Det som me der understreka sterkt, var behovet for større og betre containerar, slik at me også i sommarhalvåret kan verta kvitt avfallet. Renovasjonskrava frå kommunen er for lengst sende ut (frist for betaling : 01.04.07), men ingen ting har elles skjedd når det gjeld denne nye ordninga.

Helga den 5.-6.mai var det så å seia ikkje hyttefolk i Rasdalen, likevel var containerane på Roningen (nedst i Rasdalsvegen) heilt fulle måndag 07.05. Den påfølgjande helga (12.-13.mai) var det fleire hyttefolk oppe, men det var då heilt uråd å levera boss på Roningen i det heile. Til orientering var situasjonen nett den same når det gjeld containerane nede på Bolstadøyri. (Der står det også to små containerar.)

Me har teke bilete av situasjonen slik det såg ut nede på Roningen, og denne dokumentasjonen vert lagt ved dette skrivet. På dei to små containerane der nede står det "Hytteavfall" på den eine, og "Restavfall" på den andre. Det kan også sjå ut til at det er nokre "skrotrissar" nede frå Bolstadøyri - eller andre plassar - som har funne ut at her er det greitt å levera t.d. madrasser.(sjå biletet)

Det som styret i grendalaget synest er mest kritikkverdig, er at det ikkje vert gjort noko frå Miljøverket si side i høve til å få betre orden og system på ordninga med renovasjon. Det er absolutt ikkje akseptabelt at hytteeigarane må ta med seg avfallet tilbake til heimekommunane sine. Når det vert kravd betaling for renovasjon, må det vera eit minstekrav å få kvitta seg med avfallet ! (Det er heller ikkje store mengder avfall det her er snakk om !)

No krev me at det snarast vert gjort noko med dette problemet, og me reknar med at Voss kommune også vil sjå etter at tiltak snarast vert iverksette.

For styret i Rasdalen grendalag

Terje Rasdal

leiar

Vedlegg : Bilete frå Roningen, teke 13.05.07
(Sjå "Bilder fra Rasdalen og omegn.")

